
Fra: Merethe Tvedt
Sendt: 13. juli 2018 15:11
Til: 'r-e-g@online.no'
Emne: Trong for tilleggsdokumentasjon, arealoverføring til gbnr 39/24

Hei Rune E. Gaustad,

Viser til Dykkar søknad om arealføring frå gbnr 39/28 og 39/29 til Dykkar eigedom på gbnr 39/24. Etter gjennomgang av søknaden ser vi at det er nokre manglar som må inn før vi kan handsame saka:

-Søknaden er ikkje underskriven av eigar av avgivar eigedomen gbnr 39/28 og 39/29. Ber om at det blir gjort, evt. kan det leggjast ved ein erklæring som viser at dei vil avgje grunn, og du kan søkje om det.

-Det er ikkje sendt inn situasjonskart som viser tiltaket, administrasjonen ser protokoll for oppmålingsforretning datert 19.6.2018 som ein samanheng til søknaden. Og kan leggje dette til grunn.

-Deler av arealet som skal overførast ligg innafor område landbruk, natur og friluftsføremål, LNF-spreidd bustad (SB_6) i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Og eit mindre areal på om lag 80 m2 ligg i område avsett til LNF i KPA.

Kommuneplanen opnar for (føresegn 3.1.2) at ei samla arealoverføring/frådeling av tilleggsareal opptil 200 m2 i LNF- områda (som ikkje set LNF- omsyn til sides) kan tillatast etter Plan- og bygningslova (Pbl) § 20-1 bokstav m, utan at det krev dispensasjon frå LNF- føremålet etter Kap. 19 i Pbl.

Sidan de no søker om arealoverføring av eit samla areal på 580 m2, er tiltaket avhengig av dispensasjon frå LNF- føremålet. (Jmf. føresegn 3.1.2 i KPA). Dispensasjonen må på høyring til fylkesmannen i Hordaland.

Søknaden om sjølve arealoverføringen blir stilt i bero til søknad om dispensasjon og manglar kommentert ovanfor er innsendt.

Om noko er uklart, ta gjerne kontakt.

Men venleg helsing

Merethe Tvedt
Rådgiver byggjesak
Meland kommune
e-post: merethe.tvedt@meland.kommune.no

